



VILLEREINFANGSTEN SOM VERDENSARV

- En ti tusen år lang tradisjon -

Referat

Styremøte 6-2019 – 28.11.2019

Sted: Telefonmøte (13:00 – 14:00)

Til stades:

Styre:

Per Dag Hole (PDH)
Bengt Fasteraune.(BF)
Kristin Hille Valla (KHV)
John Olsen (JO)
Raymond Sørensen (RS)
Egil Mikkelsen (EM)
Kristin Prestvold (KP)

Sekretær: Trond Stensby.

Forfall: -

Sak 25/19 - Økonomi status

Kontoart		Regnskap
10500	Annen lønn	124 953
10511	Km-godsgjørelse, skattepliktig	1 315
10990	Arbeidsgiveravgift	8 081
11200	Andre utgifter	103 456
11402	Hjemmesider	1 797
11600	Reise,diett	9 588
11700	Ikke oppgavepliktige reiseutgifter	3 455
11701	Transportutgifter	20 357
11950	Avgifter/gebyrer/lisenser	738
12700	Konsulenttenester	94 299
14290	Utgiftsføring mva drift	26 963
	Prosjektleiing 63 t a 450	28 350
Sum utgifter pr. 28.11.19		423 352

Motteke tilskott i 2019		120 000
Rest tilskott 2012, prognose		110 000
På fond 01.01.19		297 000
Sum tilskott og fond		527 000

Prognose overført til 2020	90 000
-----------------------------------	---------------



VILLEREINFANGSTEN SOM VERDENSARV

- En ti tusen år lang tradisjon -

- Trond sjekker om det er utbetalt skjønsmidler til Oppdal kommune.
- Utarbeide to alternative budsjett for 2020. Høyring i styret. Telefonmøte i januar.

Sak 26/19 – Sekretariat

Det er avklart med Fylkesmannen i Innlandet at Trond held fram som sekretær for prosjektet i ny jobb som nasjonalparkforvaltar.

Avtala prosjektet i dag har med Lesja kommune blir overført til Fylkesmannen i Innlandet, kontaktperson er Vebjørn Knarrum. Trond og Per Dag følgjer opp dette.

Sak 27/19 – Aktuelle strategiar

Per Dag la opp til ei uformell drøfting.

- Val av strategi – avhengig av utfallet av ICOMOS sin rapport:
 - Råd om å arbeide vidare med Villreinfangsten som verdensarv
 - Råd om berre å arbeide med det samiske prosjektet. Pauseknapp for vårt prosjekt? Prosjektet må uansett bli ført vidare p.g.a. det breie perspektivet, fagleg grunnlag og alt arbeidet som er gjort, men med andre horisontar.
- Ved ei positiv tilråding frå ICOMOS og RA må det på plass ei organisasjon, nye krav til levering i ulike fora og kompetanse på fleire område. Breiare og meir formell organisering.
- Innlandet frå 2020, har mangla drahjelp frå fylkeskommunen.

KHV

- Enig med Per Dag. Ser tre moglege utfall av ICOMOS rapport:
 - eit slags "go"
 - serienominasjon
 - avklart negativt svar.
- Vi har arbeidd 15 år med prosjektet. Få til det ein kan med denne regjeringa.
- Arne Sandnes er ein ressursperson, sit m.a. i Verdensarvrådet.

JO

- Halde fram arbeidet innfor rammene av ICOMOS – RA sin konklusjon om prosjektet sin framtid. ICOMOS kan løfte ein serienominasjon, jf. T.d. Lapponia.
- RA bedt ICOMOS om råd. RA fatter beslutning, fagleg og politisk.
- Aktuell ressursperson: Synnøve Vinsrygg, har arbeidd med Geiranger og Vega. Kjenner RA og UNESCO, ikkje bunde til ein bestemt posisjon i dag.

EM

- Ikkje sikkert ICOMOS kjem med eit klart ja eller nei. ICOMOS kan stille nye krav for å halde fram med prosjektet. Det kan t.d. vera avgrensing, forholdet mellom natur – kultur. Tidsperspektiv for det vidare arbeidet er avhengig av ICOMOS – kjem villreinfangsten på ein tentativ liste eller blir det skyve ut i tid. Ein kan sjå til modellar for organisering frå andre world heritage område
- Kjem det eit definitivt nei, og ein må gje opp world heritage. Definere eit regionalt/nasjonalt prosjekt – under kva for rammer?

RS

- Enig med Egil. Positiv befarung og dialog etter befarung. Blir ein god prosess.



VILLEREINFANGSTEN SOM VERDENSARV

- En ti tusen år lang tradisjon -

- Viktig å søke om ny midlar, men vanskeleg å legge eit konkret løp før rapporten kjem.
- Erling Gjelsvik, Oppland fylkeskommune er ein ressursperson med si erfaring frå Røros.
- Vil ta tid å få melding frå RA. Rapport frå ekspert til RA. Frå Ra til departemenet. Kreve å få rapporten.

KP

- Sluttar seg til Egil og Raymond.
- Spent på rapporten, den vil vera utslagsgivande for prosjektet.

BF

- Slutta seg til dei andre.
- Prosjektet er uansett viktig for ivaretaking av verneføremålet i dei ulike områda og verdiskapinga i lokalsamfunna, jf. t.d. Villreinsenteret. Vi kan ikkje vente 10 år for å utnytte potensialet. Derfor, dersom ein ikkje får fullt tilslag, må ein finne ei mellomløsning for prosjektet.

Sak 28/19 – Eventuelt

Spørsmål om ICOMOS si befarung av prosjektet i Finnmark. Ingen attendemelding.

Lesja, 28.11.2019

Trond Stensby

ref.